

*Vi inviterer*



**Os kyrkjelyd inviterer til**



**Konfirmantåret  
2019/2020**

# *Kvifor konfirmant?*

## **Vil du være konfirmant i Os kyrkjelyd?**

**Lurer du på om du skal bli konfirmert?**

**Det er mange grunner til å velja konfirmasjon,  
og det kan vera vanskeleg å gjere eit val.**

Kva er viktig for deg?

Tradisjonen, festen og gåvene er viktige for mange. For andre er det viktig å få delta i felleskapet denne tida. Mange har ønskje om å læra meir om den kristne trua og om Bibelen. Uansett grunn er det viktigaste at du vel dette fordi du sjølv ønskjer det.

**Du er hjarteleg velkommen til oss!**

### **KVA ER KONFIRMASJON?**

Konfirmera = å bekrefte. Dåp og konfirmasjon heng saman. I konfirmasjonsgudstenesta vert dåpsløftet om Guds omsorg og kjærleik til deg bekrefta gjennom forbøn.

*Er du døypt, men likevel i tvil om du vil verta konfirmert? Du kan velja å delta i konfirmantopplegget og så ta eit val utifrå det.*

*Er du ikkje døypt, men ønskjer å konfirmerast? Du kan delta på konfirmantopplegget, få ein kristen dåp i løpet av året og så bli konfirmert.*

***Vi kan tilby eit variert og spanande opplegg som vi trur vil falla i smak hos mange! Ta ein kikk og sjå om dette er noko for deg.***



# Undervisning

Konfirmantopplegget i Os kyrkjelyd går frå august til mai og er variert og innhaldsrikt. Vi har undervisningssamvær, gruppeaktivitet, gudstenester, turar og leir.

## KVA ER KONFIRMANTEN MED PÅ?

Konfirmantopplegget i Den norske kyrkja inneber minst 60 timer variert undervisning som inneheld desse elementa:

- Kick Off helg i august
- 6 undervisningssamlingar
- 6 gruppessamlingar (frå sept. til april)
- 8 gudstenester i løpet av året
- Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon i fastetida (29. mars).

Konfirmasjonstida er ein viktig del av trusopplæringa di. Den gjev kunnskap og hjelp til å ta eit sjølvstendig val i høve til trua og fellesskapet du høyrar til gjennom dåpen. Konfirmasjonen bekreftar ditt val.

# Presentasjon av konfirmantane, høst 2019

Alle konfirmantar vert presenterte for kyrkjelyden på ei presentasjonsgudsteneste:

- **Os kyrkje**, søndag 15. september kl. 11.00
- **Søfteland bedehus**, søndag 15. september kl. 11.00
- **Nore Neset kyrkje**, søndag 8. og 29. september kl. 11.00

## Kick Off-helg for alle konfirmantar, laurdag 24. til søndag 25. august

### Oversikt over heile konfirmantåret

ARBEIDSFORM	ANTALL
<b>Gudstenester, 8 gonger:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kick Off gudsteneste i august</li><li>• Presentasjonsgudsteneste – Konfirmantane i Os sokn vert presentert</li><li>• Gudstenesteverkstad og deltaking med gruppa</li><li>• Andre gudstenester – Konfirmanten vel sjølv tid, stad og type gudsteneste</li><li>• Konfirmasjonsgudstenester:</li></ul>	1 gonger 1 g 1 g 4 g 1 g
Os kyrkje søndag 3. mai, laurdag 9. mai – Nore Neset kyrkje laurdag 2. mai og søndag 10. mai	
<b>Temaundervisning</b> - på storsamlinger og gruppevis	6 g
<b>Aktivitetsgruppe</b> – Du kan velje mellom gruppene som er presentert her i brosjyra	6 g
<b>Fasteaksjonen</b> – KickOff samling tirsdag 24. mars. Innsamlingsaksjon søndag 29. mars	2 g
<b>Foreldremøter</b> – høst og vår	
<b>Leir eller weekend-turar</b> med nokre av gruppene	
<b>Førebuing til konfirmasjonsgudstenesta</b> – førebuing og kunnskapstest ons/tors før konfirmasjonsdagen	1 g

# Konfirmantavgift for dei ulike tilboda

Oversyn over prisar for  
materiell, turar m.m.

	JOIN US	B.GRUPPA	ETTER SKULETID	SAMAN FORANDRE	KONF CAMP	KRIK EXPLORE	SMÅGRUPPA
Undervisning og konfirmasjon	0	0	0	0	0	0	0
<b>Felles utgifter, dekker:</b> undevinsningsmateriell, leige av konfirmantkappe, enkel bevertning, ulike arrangement.	950,-	950,-	950,-	950,-	950,-	950,-	950,-
<b>Medlemskap i organisasjon</b> (KFUK/KFUM, KRIK, NMS-U)	250,-					100,-	
Konf-Camp inkl. reise					2700,-		
Helgetur inkl. reise	1200,- +900,-	1300,-	1300,-	1300,-		600,-	600,-
<b>SUM</b>	<b>3300,-</b>	<b>2250,-</b>	<b>2250,-</b>	<b>2250,-</b>	<b>3650,-</b>	<b>1650,-</b>	<b>1550,-</b>

Kostnad kjem i tillegg på evt. andre turar og leirar med gruppene.

**Betaling:** Giro vert utsendt i oktober med betalingsfrist 1. november.

**MERK!:** Ved behov for annan ordning/avtale er de velkomne til å ta kontakt med kyrkjekontoret!

# Join Us

SONG - BAND - DANS - DRAMA - TEKNIKK

Eit ung og supert kormiljø med ca. 30 medlemmar. Her får du oppleva godt venskap, kjekke aktivitetar, medansvar, mykje moro som kan utvikla og inspirera deg.

## **Øving kvar onsdag kl. 19.00-21.00**

Konsertar og to helgeturar. Sosial weekend **kr 900,-** +reise

Årets høgdepunkt er eit vårshow med imponerande konsertrigg.

Join Us-konfirmantane er med på KFUK-KFUM sin Vinterfestival på Voss:

**Pris kr. 1200,-** (opphold og reise).

Opplegget krev at du gjer ein innsats, men gir deg veldig mykje tilbake.





## **Etter skuletid**

### **MØTAST PÅ TUNET ETTER SKULETID TO ONSDAGER KVAR MÅNAD.**

Vi lager og et middag saman. På gruppesamlingane har vi undervisning og samtale ein gong og ulike praktiske oppgåver ein gong (som t.d.: bake til arrangement, lage plakatar/brosjyrar, lage til matriell o.l.) Gruppa startar med storleiren SAMMEN (for konfirmantar i Bjørgvin) på SOTRA ARENA 20.-22. september.

## **Smågruppa**

### **SPØRSMÅL + SAMTALE = SVAR**

Dette er ei lita gruppe for deg som ynskjer eit enkelt opplegg.

Gruppa samlast to onsdagar kvar månad etter skuletid til måltid, leik, variert undervisning og gode samtalar.



# saman FORandre

**BLI MED OG GJER EIN FORSKJELL!**

Fokus på leiren og i gruppa vert rettferd, miljø og nestekjærleik. Vi er saman om å gjere ein forskjell, og det å skapa kjekke aktivitetar for folk i Os-bygda. Samlingane vert anna kvar torsdag.

**Språkkafeen i Os** med musikk gruppa for barn og lekserom/leksehjelp/åpent hus for ungdom er hovudaktivitet. Andre diakonale omsorgs oppgåver i kyrkjelyden kan og vera aktuelt. Vi er og med å arrangere *kafé i Tunet* for den årlege TV aksjonen i kommunen.



**Venskapsveka** og andre kjekke arrangement er og med i planen. Konfirmantane skal i løpet av året få overblikk og erfaring innafor det diakonale arbeidet/omsorgsarbeidet i kyrkjelyden. Dei skal få ta plass, og finna sin plass i felleskapet. Gruppa startar med storleiren SAMMEN (for konfirmantar i Bjørgvin) på SOTRA ARENA 20.-22. september.

## B-GRUPPA

### **B STÅR FOR BARN. BARN TRENGER Å VERA SAMAN MED UNGDOM SOM KAN INSPIRERA OG VERE EIT FØREBILETE FOR DEI.**

Vi ønskjer mange unge medhjelparar med i arrangement og aktivitetar for barn i kyrkjelyden vår. Saman med tilsette og frivillige leiarar får denne gruppa ansvar for nokre oppgåver. Likar du å ha enkle leiaroppgåver eller praktiske oppgåver passer denne gruppa godt for deg! Det vert samlingar i Tunet ein onsdag kvar månad med mat, undervisning og førebuing av oppgåvene. Du deltek som hjelpeiar på 3 arrangement haust og vår. Gruppa startar med storleiren SAMMEN (for konfirmantar i Bjørgvin) på SOTRA ARENA 20.-22. september.



# Os Konghjem Konfirmantgrupper



## KRIK explore

### UTFORSK LIVET - NATUREN - TRUA!

Denne gruppa legg vekt på å prøva mange ulike aktivitetar. For det meste er vi utandørs. Du kan få prøva t.d. kanopadling, fjelltur, skyting, fisking, klatring, paintball m.m. Du treng ikkje vera supersprek for å vera med, men det er viktig at du er open for å prøva noko nytt. Det blir garantert flotte opplevingar og gode samtaler. Vi har 5-6 gruppесamlingar onsdagar eller torsdagar frå okt.- april pluss ein overnattingstur.

loved

# KonfCamp Etne

## ***Storleir for konfirmantar!***

Eit konsentrert og superbra opplegg! Passar for alle, men ekstra godt for dei som har stor aktivitet på fritida. 5 dagar fullspekka med aktivitet og fellesskap saman med ca 3-400 konfirmantar 4.-8. april!

KonfCamp-gruppa møtast til gruppесamlingar 3-4 torsdagar gjennom året.  
**Pris på leiren - opphold og reise er kr. 2700,-** Skikort/skileige kjem i tillegg.

**INFORMASJON TIL  
DEI FØRESETTE**

# **Velkommen til samarbeid!**

*De som er foreldre/  
føresette er våre viktigaste  
medspelarar under  
konfirmantførebuinga!*



# **Vi innbyr til infomøte for foreldre:**

**Før påmelding blir det foreldresamling med informasjon om opplegg og forventningar for konfirmasjonstida i Os, torsdag 23. mai:**

- Os kyrkje, kl. 18.00-19.00
- Nore Neset kyrkje, kl. 19.30 -20.30

**Haustr:** Første gruppесamling i september for konfirmanter og foreldre/føresette

**Vår:** Foreldremøte med info i januar for foreldre/føresette

---

## **Vi treng hjelp til:**

- Bake til, og hjelpe til på kyrkjekaffi.
- Søndag 29. mars, sjåfør, bøsseberar m.m.
- Vaksen støtte ved større arrangement og turar (LAN, nattcup, turar og leirar).
- Vaksen støtte på nokre gruppесamlingar, ungdomskveldar og korøvingar.

## **Dette ber vi dykk ta medansvar for:**

- Meld frå om særskilde behov (t.d. lesevanskar, allergiar, funksjonshemming og anna) slik at vi kan leggja til rette best mogeleg utifrå behova.
- Hjelp konfirmanten til å møta på dei samlingane dei skal.
- Meld frå skriftleg ved sjukdom eller anna nødvendig fråvær.
- Hjelp konfirmanten å prioritera konfirmantsamvera framfor fritidsaktivitetar.
- Sjå til at konfirmanten lærer kjernestoffet som dei får tildelt.

# Påmelding kyrkja.no/os

**Påmeldinga til konfirmantåret skjer via internett. Fyll inn all informasjon vi ber om og klikk på «send» for å verte påmeld.**

Gå til **kyrkja.no/os**. Finn linken «konfirmantpåmelding». Hugs å lagre påmeldinga før du sender, du får ei stadfesting om at påmelding er motteke på e-post.  
Kontakt oss om du ikkje har motteke bekreftinga, tlf. 56 57 24 00.

**Påmelding innan 1.juni** – alle påmelde **vert då likt vurdert** ved fordeling i gruppene. **Påmelde etter denne fristen** vert plassert i gruppe utifrå ledig kapasitet. Konfirmant og føresette vert innkalla til ein PÅMELDINGSSAMTALE og innlevering av forventnings-avtala på kyrkjekontoret eller i Nore Neset kyrkje i juni eller august. Vi gjer det vi kan for å leggje til rette ved spesielle behov. Meld frå om dette ved påmelding.

## **VIKTIG! Ved påmelding må du ha klar:**

- Bilde av konfirmanten
- Dåpsdato og kyrkje for konfirmanten
- Konfirmanten sin telefon og e-post
- Føresette sin telefon og e-post



## I KONFIRMANTARBEIDET LOS MØTER VI KVARANDRE: *høfleg, audmjukt og med respekt*

SAMAN vil vi alle gjera vårt for å få til ei flott konfirmant tid. Dette krev di tid og heilhjarta innsats. Vi har mange tilsette og frivillige som bruker tid og krefter for å gje deg eit godt tilbod. Det er viktig at vi møter kvarandre med respekt og forståing og følgjer opp opplegg og avtalar.

### **Ditt ansvar er:**

- å delta aktivt og ta omsyn til dei andre.
- å møte på samlingane, vera presis.
- å vera oppmerksam og til stades i heile undervisningstida.

*Ved mykje fråvær og /eller gjentekne regelbrot vil konfirmantlærar kontakte dei føresette. Respektlaus åtferd og stort fråvær kan føra til utsetjing av konfirmasjonen. Ved påmelding skriv konfirmant, føresett og konfirmantlærar under på ei forventningsavtale.*



# Har du spørsmål?

*Ring 56 57 24 00 eller send ein e-post  
til: [post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no)*

*Du er óg velkommen innom kontoret  
for ein prat på Kyrkjelunet, Øyro 49.*

[www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)